1. Gå inn på kvam.friskus.com. Her er det viktig at du hugsar å ta med kvam i adressa. Bruk Google Chrome-nettlesar .

2. Lag deg ein brukar eller logg inn på din profil.

3. Du skal no henta fritidskortet til ditt/dine born.

4. Klikk på FRITIDSKORT




5. Klikk på den raude knappen HENT FRITIDSKORTET



6. Sida du då kjem til ser ut som ein av desse to bileta vist under. Klikk på den raude knappen. Om du skal henta fritidskort til fleire born, gjenta dette for kvart born.







7. Neste side ser slik ut. Følg stega og gjennomfør registreringa.



8. No har du henta fritidskortet, men for at betalingar skal bli registrert må du gå inn på laget eller organisasjonen (arrangøren) du ynskjer å betala til.

9. Klikk på ARRANGØRER på menylinja øvst på sida. Finn din arrangør ved å bla nedover eller skriv namnet på arrangøren i søkefeltet. Klikk deg inn på arrangøren si side.




10. Under biletet til arrangøren klikkar du på FRITIDSKORTET



Om du har fått ein samlefaktura som gjeld for fleire i familien skal det personlege fritidskortet berre brukast til å betala dei summane som gjeld for det enkelte barnet. Ordninga dekker medlemsavgift, treningsavgift/deltakaravgift og lisens, men ikkje utgifter knytt til utstyr, leirar, ferietilbod eller liknande.

11. Fyll inn kven sitt fritidskort som skal nyttast, betalingsinformasjon og klikk på BETAL FAKTURA




12. Du har no brukt eitt barn sine fritidskortpengar til å betala ein faktura (eller summar frå ein faktura). Gjenta steg 9-11 for kvar faktura og for kvart barn.

Du kan lesa meir om fritidskort-ordninga på www.kvam.no/fritidskortet

Om det skulle vera noko kan du kontakta:

Kristin Lundblad
Prosjektleiar for Fritidskortet
krisve@kvam.kommune.no
90058018